

# Referat frå instituttrådsmøte

## Institutt for framandspråk

**Dato:** onsdag 28. august 2024

**Stad:** rom 216, HF-bygget

Merknadsfrist er 15. september 2024.

### Til stades:

Frå gruppe A: Kjetil Berg Henjum, Ingunn Lunde, Eirik Hovden, Lene M. Johannessen og Martin Paulsen.

Frå gruppe B: Emil Perron.

Frå gruppe C: Anne Hestnes

Frå gruppe D: ingen

Administrasjonssjef Arve Kjell Uthaug møtte som referent.

### Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjende utan merknader.

### Sak 2 – godkjenning av referat frå møtet 28. mai 2024

Instituttleiinga sa seg lei for at referatet vart sendt ut så seint. Det kom elles ingen merknader til referatet.

### Sak 3 – orienteringssaker

A) Instituttleiar orienterte om tilsettjingssaker ved instituttet hausten 2024:

- Tre stipendiatar er tilsette og startar opp i haust (Amy Partridge knytt til forskargruppa Europas grenser, Alison Rød knytt til Post-Truth English Teaching, og Alma Oftedal knytt til forskargruppa Estetikk og kulturstudiar). Instituttet veit førebels lite om kor mange stipendiatstillingar vi får lysa ut i 2025.
- Engelsk fagdidaktikk har fått ein ny tilsett gjennom Scholars at Risk-ordninga: Abdu Al-Kadi frå Jemen, som er tilsett H24 og V25. Tilsettjinga kan bli utvida med eitt år til.
- Fakultetsstyret skal 10. september tilsetja i fast stilling på engelsk lingvistikk.
- Intervju og prøveforelesing er gjennomført for stillinga i arabisk språk og Midtaustens historie.

- B) Instituttleiar orienterte om status for programportefølje-prosjektet ved fakultetet. Det ser ut til at arbeidsgruppa vil skissera ein bachelorgrad med ein ny struktur, der førstesemesteret inkluderer ex.phil., eit fellesemne som blir ein omarbeidd versjon av akademisk skriving og dessutan eit 100-emne i spesialiseringssfaget. Deretter blir det eit år med spesialiseringssfaget, så eit år med ein "breiddekomponent" (utveksling og frie studiepoeng med emnepakkar på 30 stp) og så til slutt 200-nivået i spesialiseringssfaget det siste semesteret. Alle studieprogramma vil få krav om å etablira eit fellesemne på 10-15 studiepoeng som går på tvers av studieprogram, og i dette kravet ligg den tyngste innsparingskomponenten på undervisningssida. Utviklinga av emnepakkar skal ikkje føra til fleire emne enn vi har i dag. Lunde spurde om kva som vil skje når eit fag med dagens tilbod ikkje kan tilby ein emnepakke på 30 studiepoeng utan å leggja til grunn kunnskapar i framandspråket. Ho syntest òg det hadde vore problematisk at prosessen hadde fokusert så mykje på nedskjeringar og lite på nytenking og utvikling. Berg Henjum støtta synspunktet om at dette hadde vore ein demotiverande del av prosessen. Instituttleiar presiserte at det kan utviklast nye emne dersom dei kjem i staden for eksisterande emne. Han streka under det sterke behovet vi har for å rekruttera nye studentar og få fleire studiepoeng ut av kvar student. Fakultetet vil setja ned ei innsatsgruppe (task force) i haust for å fokusera på korleis vi kan få fleire studiepoeng ut av kvar student.
- C) Instituttleiar orienterte om reakkrediteringa av bachelorgraden på arabisk. Graden er no akkreditert, og instituttleiar rosa dei involverte for innsatsen som er lagt ned for å få til dette. Det står samstundes att å godkjenna sjølvé *programmet* ved fakultetet.
- D) Instituttleiar orienterte om tildeling av forskingsstøtte etter utlysingsrunden ved IF i mai. Sju søkerar fekk til saman 100 000 kroner i støtte.
- E) Administrasjonssjefen orienterte om endringane i administrasjonen, der det er sett av ein større ressurs til forskingsadministrasjon, og der arbeidet på studiesida blir organisert på ein annan måte enn før. Kvar studiekonsulent har ansvar for drifta av eitt eller fleire fag, og i tillegg skal dei tilsette på studiesida samarbeida to og to på fire ulike satsingsfelt (internasjonalisering, studiekvalitet og læringsmiljø, eksamen og timeplan, rekruttering og formidling).

#### **Sak 4 – Høyring om ny budsjett- og ressursfordelingsmodell for HF**

Hovden lurte på korleis den skisserte modellen vil slå ut på instituttnivå. Lunde var usikker på om det var klokt å ta bort publiseringspoeng frå den nye modellen for driftsbudsjettet.

Instituttrådet samla seg om høyringsframlegget frå instituttleiinga.

Martin Paulsen,  
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,  
administrasjonssjef